

# VOSS SENTERPARTI

## Kommuneval 2019

### Fleire kandidatar NÆR DEG:

11. Torgeir Reime, 1967, Raundalen
12. John Almeland, 1977, Skulestadmo
13. Marte Storebø, 1987, Evanger
14. Nils Haugen, 1948, Øvre Granvin
15. Cornelius Sudmann Mandelid, 2000, Voss
16. Kari Johanne Øvstdal, 1962, Vossestrand
17. Ole Jørgen Rio, 1974, Skulestadmo
18. Jan Asle Torstad, 1965, Kyte
19. Alexander Aga Røynstrand, 1990, Granvin
20. Marianne Gjerald, 1974, Bordalen
21. Annbjørg Sagerøy Bidne, 1956, Oppheim
22. Knut Vike, 1965, Palmafossen
23. Helena Elvatun, 1990, Folkedal
24. Endre Evensen, 1980, Kvåle
25. Erik Røthe Klette, 1975, Voss
26. Åsne Sleire Kjerland, 1981, Granvin
27. Egil Ørnes, 1961, Øvsthus
28. Ørjan Mikal Kalsaas, 1972, Granvin
29. Kari Mørkve Jordalen, 1958, Jordalen

Kandidatane 1-10 er nærmere presentert i heftet.



Hugs å stemme på  
Senterpartiet og  
Samson i fylkesvalet!



De vil kunne møte oss,  
få ein kopp kaffi og slå av ein prat

På Torget den 17.- 24.- og 31. august kl 11-14

Den 31. august er me og å treffa på:  
Amfi 12-15  
Granvin ved Coop 10-13  
Vinje 12-14  
Evanger 10-12

Me kan og treffast på Amfi, Torget og Granvin  
den 7. september

VELKOMMEN PÅ FOLKEMØTE OG DEBATT  
23. august kl 18.30 - 21.00  
på Voss vidaregåande skule

[www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/hordaland/voss](http://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/hordaland/voss)

Voss Senterparti er på Facebook

# VOSS SENTERPARTI



## Kommunevalprogram 2019





"Voss Senterparti  
ynskjer å ta heile  
Voss herad i bruk"

Sigbjørn Hauge på Oksen  
som grensemerkar.  
Foto: Oddbjørn Helland

## Ta heile Voss herad i bruk

- Legga til rette for **byggjefelt** i nærleiken av kommunale tenester som barnehage og skule
- I grendene skal det vera opning for **strøtomter**
- Ladestasjonar** i nær- og lokalsenter
- Fortsetja **opprusting** av kommunale **vegar** i heile heradet
- Arbeida for **gode kollektivtilbod** i heile heradet



- Arbeida for å auka **folkesetnaden** i Voss herad




Foto: Framsida: Inger Dyrnesli.  
Annlaug Haugse Såkvitne:  
Ladestasjon, elevarbeid.  
Guro Hauge: Fotball.  
Ingeborg Hamre: Ferje.  
Anita Jordalen: Støl.



## Oppvekst

- Det skal opprettast **fleire barnehageplassar**.
- Oppheim skule** skal brukast til barnehage, og aktivitetshus
- Eksisterande **skulestruktur** skal vidareførast
- Gjennomføre **digitalisasning i skulen**, gradvis innføre ein til ein med nettbrett/pc
- Vangen- og Skulestad **skule** skal **utbetrast**
- Sambruk med kommunale **idrettsanlegg** ved utbetringa av Voss ungdomsskule
- Nei til privatisering** av grunnskulen
- Vangsgryto og UFU, **ungdomsklubbane** i heradet skal utviklast vidare.
- Sikra og vidareutvikla samarbeidet med **vidaregåande skular**, og høgskular
- Fleire **lærlingar** innanfor alle fag i kommunen





**"Nei til vindmøller i Voss herad"**

Bakkano i utover næroyfjorden.  
Foto: Morten Samskott

## Miljø

- **Jordvern** skal ha høg prioritet i all planlegging
- Legge til rette for **aktivt jord- og skogbruk** med CO2 fangst
- Legge til rette for god utnytting av **lokale ressursar**
- Alle nye bygg skal vurderast bygd med **heiltre**
- **Nei til vindmøller** i Voss herad
- Legge til rette for at me skal verte eit **ekte sykkelherad**
  - bygdasykkel
  - elsykkellading
  - sykkelstiar
  - parkering under tak



Foto: Ingeborg Hamre: Eple.  
Anita Jordalen: Sauar.



## Bustad

- Bustadområder må ha **god infrastruktur** veg/mobildekning/fiber
- Leige til eige - starthjelp for å komme inn på **bustadmarknaden**
- Husvære for **barnefamiliar** på Vangen
- **Levande bygdelag** i heile Voss herad



Foto: Knut Såkvitne: Hund.  
Grethe Monica Haug: Kyr og Vangen.



**"Bustadområder må ha god infrastruktur veg/mobildekning/fiber"**

Vinje.  
Foto: Anita Jordalen

*Samarbeid med lag og organisasjonar innan helse, oppvekst, kultur, soge og idrett.*

Foto: Sigbjørn Hauge



## Kultur og fritid

- Fullføra ombygging av **Gamlekinoen**
- **Desentralisering** av kulturskuletilbodet
- Auka satsing på **kulturskuletilbodet**
- Arbeida for **lågare kostnad** for brukarar av kulturskuletilboda
- Auka tilskot til **lagslivet**
- I samarbeid med grunneigarane, skal det leggast til rette for **parkering, badeplassar og turstiar**
- Samarbeid med **lag og organisasjonar** innan helse, oppvekst, kultur, soge og idrett
  - Leggja til rette for større **kulturarrangement** i Voss herad
    - Leggja til rette for bevaring, utøving og arbeid for dei lokale tradisjonane innan **folkemusikk og folkedans**



Foto: Vossa Jazz: Gamlekinoen.  
Annlaug Hauge Sækvitne: Kulturbanken, Branntasjongarderobe.

## Sentrumsutvikling

- Legga til rette for **detaljhandel** på **Vangen**
- **Fortetting** i sentrum
  - Sikra **grøne lunger** og Prestegardsmoen
  - Andelslandbruk/**parsellhagar** nært sentrum
  - Etablera **leikeareal** for dei minste i sentrum
- Det skal sikrast tomt på Tvildemoen til **ny brannstasjon**



## Nærings

- Arbeida for å bygga ut **fiber og mobilnett 5G** i heile kommunen
- Pådrivar for regionalt **næringssamarbeid** i Indre Vestland
- **Sikra landbruket gode vekstvilkår**, sikra bruk av beite som grunnlag for matproduksjon
- **Balansert og bærekraftig** utvikling av Voss som hytte og turistdestinasjon
- Vidareutvikla landbruksnæringa med **lokalforedling** kopla mot turisme
- Planlegge for **næringsareal på Bolstad** med framtidig K5
- Voss herad skal legge til rette for å **bruke lokale leverandørar** og aktørar når det er mogeleg.



Foto: Sigbjørn Hauge: Prestegardsmoen, Vangen frå Gondolen.  
Helene Berge Flatekvål: Kyrr på beite.



*"Voss herad skal legge til rette for å bruke lokale leverandørar og aktørar når det er mogeleg"*

*Granvinsfjorden.  
Foto: Ørjan M. Kalsas*

## KANDIDATAR NÆR DEG - Voss SP 2019

*"Legekontor i Granvin  
to dagar for veka"*

Oppheimsvatnet.  
Foto: Anita Jordalen



## Helse

- Voss herad skal arbeide målretta for **god folkehelse** både fysisk og psykisk
- Tilrettelegging for **spesialisthelsetenester** i kommunen, t.d. audiolog og kjeveortoped
- **Auka grunnbemanning** med ein ekstra på kvar vakt, dekka inn med innsparte sjukepengar
- Voss herad skal sikre tenester slik at folk kan **bu i eigen bustad**
- Rekruttera og behalda **sjukepleiarar**
  - Byggja ut **omsorgsbustader** i tilknyting til sjukeheimane våre
  - Behalda **langtidsplassane** i sjukeheimane
  - Innfasa velferdsteknologien
  - **Legekontor i Granvin** to dagar for veka
  - Sikra lågterskel psykologteneste
  - Få på plass kommunalt **produksjonskjøkken på Vetleflaten**



Foto: Annlaug Haugse Såkvitne: Bestemor og lita hand. Gunnvor Mæland Håvås: Aurekaker, sunn og godt mat.

### 1. Sigbjørn Hauge



59 år, Voss. Overingeniør jordskifteretten, Varaordførar.

"Voss blir no vidare og me blir ein del av Hardanger. Gode kommunale tenester i heile heradet vil vera noko av det viktigaste å prioritera i det nye heradet.

Dette kan me berre oppnå med god økonomisk styring og i eit godt samspele med dei tilsette, friviljuige organisasjonar og innbyggjarane.

Fleire barnehageplassar, førebygging og folkehelsearbeid, oppgradering av skular, tiltak mot flaum og opprusting av vegane er noko av dei viktigaste sakene for meg. Vindmøller i heradet er uaktuelt."

### 2. Annlaug Haugse Såkvitne



49 år frå Granvin, arbeider som lærar ved Granvin barne- og ungdomsskule, og trives svært godt med det.

"Gift med Knut, og me har to vaksne barn, svigerbarn og snart tre barnebarn. Å vere i lag med storfamilien og gode venner gir meg masse, og er heilt nødvendig for å lade batteri i ein travle kvardag.

Har heilt sidan eg var ung hatt stor interesse for samfunnsutvikling og politikk, har etterkvar opparbeid meg lang fartstid i lokalpolitikken.

Er først og fremst opptatt av at innbyggjarane får gode tenester uansett kvar ein er i livsløpet, men er også levande opptatt av næringsutvikling og samferdsle. Tenker at det er viktig at me nyttar høvet dei neste fire åra, og får på plass eit godt samarbeid med Hardanger, og resten av Indre Vestland."

### 3. Samson Hamre



62 år, frå Tjoflot, lærar på Voss Vidaregåande skule

"Har arbeidd på Voss Jordbrukskule sidan 1982, no på Voss Vidaregåande skule. Fagfelt er plantedyrking, jegeropplæring og rådgjevingsarbeid.

Rådgjevingsarbeid vert dominerande framover. Bur og driv fruktgard på Tjoflot.

Politisk erfaring frå formannskap og fjellpolitikk i Ullensvang. Er gruppeleiar i Ullensvang Sp. Leiar i tilsynsutvalet for Hardangervidda Nasjonalpark Hordaland."

**Fleire KANDIDATAR NÆR DEG - neste side**

## KANDIDATAR NÆR DEG - Voss SP 2019

### 4. Anita Jordalen

57 år, frå Bordalen men budd på Vossestrand sidan 2000. Hjelpepleiar og arbeidar i eldreomsorga.

“Er sambuar og har 3 vaksne døtrer og eit barnebarn. Er opptatt av menneska, at alle skal få ha god livskvalitet heile livet.

Vil ha ei levande bygd med aktivitetar og teneste i nærområde. Difor må me tillata husbygging utenfor sentrumsområda.

Ynskjer å auka ressursane i heimesjukepleietenesta for å kunne gje eit betre tilbod til heimebuande, meir tilbod om dagplass og meir avlasting. Gjerne ein eigen «seniorvaktmester».

Ynskjer å få tilbod på spesialisthelsetenester i kommunen, særleg audiolog (høyrselekspert). Ynskjer å få høgskuletilbod i bygda og då særleg innan fag det er mangel på fagpersonell i bygda.

Seier ja til at me må oppretthalda primærnæringa på dagens nivå og seier nei til vindmøller.

Seier ja til meir lokalt sjølvstyre når det gjeld t.d snøscooterkjøring.

Seier ja til legekontor 2 dagar i Granvin, seier ja til barnehage på Bolstad, flytting av Hauge barnehage til Oppheim skule”



### 7. Kim-Erik Meeg

39 år, Frå Trysil, busett på Dyrvedalen. Jobbar som miljøfagarbeidar på Voss Vidaregåande skule.

Er gift og har 3 ungar. Han brenn for landbruket på Voss, særleg beiteressursane, og at dei eldre skal få bra og kortreist mat på pleie og sjukeheim..



### 8. Morten Samskott

65 år, bur i Haugsvik, bonde.

“Næringspolitikk er det “gjevaste”, og primærnæringane ligg mitt hjarte næraast, sjølvsagt.

Som mangeårig leiar i Voss Skogeigarlag var eg med på å redde Granvin Bruk etter konkursen, og var ein av pådrivarane for bioenergisatsinga på Voss. Mineralressursane i Vossafjella har eg jobba med i mange år.

Etter at Nils T. hamna på tinget har eg vore fast medlem i Nærings og tiltaksutvalet.”



### 5. Vidar Skeie

47 år, frå Voss, dagleg leiar av Vaksdal Nærings-selskap AS.

“Bur på Vossavangen, og flytta heim i 2009 etter å ha budd i Oslo sidan 1991, men er opphavleg frå Kvåle. Tidlegare har eg vore vore prosjektleiar for Vossaløysinga for ny E16/Vossabane, utvikla festivaldelen av Ekstremsportveko og fylkessekretær i Hordaland Senterparti.

Eg er opptatt av næringsutvikling, kultur og samferdsle. Brenn spesielt for å få satt i stand “storstova” Gamlekinoen, utvikla regionsenteret Voss og av å ta heile heradet i bruk.”



### 6. Hilde Lussand Selheim

47 år, opprinnelag frå Granvin, bur på Selheim. Sjølvstendig næringsdrivende veterinær, bonde og lokalmatprodusent..

Politiske saker:

- Gje næringslivet gode vilkår i Voss Herad
- Gode kommunale tenester der folk bur
- Betre sykkelvegar i Voss Herad
- Sikra Bømoen for allmen bruk.
- Jordvern, lokal matproduksjon og samarbeid mellom reiseliv og landbruk.”



### 9. Helene Berge Flatekvål

39 år, frå Voss, sjukepleiar og bonde.

“Gift og har 1 son, bur på gard i Skulestadmoen. Er utdanna sjukepleiar og arbeidar no som sjukepleiar ved Voss Sjukeheim.

Saman med ektefelle driv me eit aktivt gardsbruk med mjølkekyr og sau.

Har allsidig erfaring i frå kommunehelsetenesta, både som sjukepleiar og i ulike leiarroller.”

Desse sakene engasjerar meg mest:

- Behalda langtidsplassane i institusjonane!
- Gje landbruket gode vekstvilkår og sikra bruk av beite som grunnlag for matproduksjon!
- Tenester nær folk!



### 10. Tonje Såkvitne

26 år, frå Granvin, jobbar på skulen i Eidfjord.

“Lærar i grunnskulen og nybakt mor, difor er sakene som dreiar seg om barnehage, skule og oppvekst dei som engasjerar meg mest.

Eg tykkjer det er spennande å finne bærekraftige løysingar.”

